

---

**Saksnr:** 2020/41070-6  
**Saksbehandlar** Hanne Marthe Espe  
**Dato:** 28.09.2020

---

---

**Til:** Hovudutval kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Invitasjon til digitalt sikringsseminar

Vestland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune inviterer til webinar om statleg sikring av friluftsområde 28.10 og 30.10 kl. 9.00 - 11.30.

Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søke om økonomisk støtte til å sikre seg råderett over friluftslivsområder eller ferdselsårer gjennom kjøp eller bruksavtale. Slik kan viktige friluftslivsområder bli ivareteke og tilrettelagt for dagens og framtidige generasjonar. Når kommunen eller friluftsrådet søker om statleg sikring, tek dei på seg eit framtidig drifts- og tilsynsansvar for området. Det inneber og å vurdere behov for, og eventuelt gjennomføre, tilretteleggingstiltak.

Søknadsfristen for ordninga er 15. januar.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering prioriterer innkomne søknadar frå Vestland i politisk sak i mars, før Miljødirektoratet fattar endeleg avgjerd om tildeling innan 1. juli.

Brosjyren [Friluftsliv for alltid](#) gir døme på ulike sikringsprosjekt, m.a. Fjordstien i Sogndal kommunar som vert presentert under webinaret.

Hovudmålgruppa for webinaret er kommunale politikarar og tilsette.